

SAKPROSA

ALTERNATIV TIL
KLIMASKREMSEL

Per Espen Stoknes, psykolog og økonom, skriv om barrierene mot klimahandling.

Klimakampen er ein kommunikasjonskatastrofe, meiner psykolog Per Espen Stoknes. Men er problemet verkeleg at fakta er pakka inn feil?

Per Espen Stoknes:

Det vi tenker på når vi prøver å ikke tenke på global oppvarming

350 sider

Tiden

Er oppgåva med å stansa den globale oppvarminga for stor for mennesket? Er me programmerte til først og fremst å forsvara oss mot nære, synlege farar, slik at me ikkje greier å ta skikkeleg inn over oss den trusselen som kjem gradvis, umerkeleg og snikande, men som krev store livsstils- og samfunnsendringar av oss her og nå?

Det er lett å bli pessimistisk når Per Espen Stoknes, psykolog og økonom ved Bedriftsøkonomisk institutt (BI), listar opp dei mange psykologiske barrierane mot klimahandling. Og då er det ikkje rart at mange menneske vegrar seg mot å akseptera klimatrusselen og ofte reagerer med fornektning og aggres-

siv motstand, trass i at faktagrunnlaget for at det verkeleg skjer menneskeskapt global oppvarming blir meir solid for kvart år som går.

Men det manglande gjennomslaget for klimavitenskapen (i motsetning, for eksempel, til kunnskapen om tobakkens skadeverknader), er også menneskeskapt, meiner Stoknes. Han er ikkje snauare enn at han kallar det «den største vitenskapskommunikasjonsfiaskoen i historien». Årsaka er at budskapet om klimaendringar er presentert på «abstrakte, dommedagsdryppende, fryktinngytende, skyldskapende og polariserende måter».

Klima = katastrofe

I dag blir 80 prosent av klimanyheitene presenterte i ei katastrofeinnramming, berre to prosent av nyheitene er vinkla på dei positive sidene ved kampen mot klimaendringane. Og løysingane handlar stort sett om tap, kostnader og offer, i staden for at folk faktisk kan få eit betre miljø og jamvel spare pengar. Klimakampen treng eit nytt språk og nye, optimistiske forteljingar, meiner Stoknes.

Det kan vera mykje i den kritikken. Men til tider er Stoknes farleg nær å opptre som ein kommunika-

Mest overtydande er Stoknes når han argumenterer for å bruka kvardagsfellesskapa meir bevisst i klimakampen.